



Ulvik
Herad



Aurland
Kommune



Lærdal
Kommune



Hemsedal
Kommune



Hol
Kommune



Ål
Kommune

5 år med Skrantesjuka (Chronic Wasting Disease CWD)

2016 – 2021

Erfaringar frå kommunane



FORORD

Erfaring frå kommunane kring Nordfjella, Hemsedal, Ål, Hol, Ulvik, Aurland og Lærdal, i samband med funn av CWD på villrein i Nordfjella er omtalt i denne rapporten.

Det har vore 5 år med mykje uvisse, uavklarte situasjonar, nye reglar å forholda seg til, nytenking og nybrotsarbeid. Påvising av CWD har fått følgjer for meir enn villreinen. Beitenærings, forvaltning av anna hjortevilt, spesielt hjort og elg, er påført mykje ekstra arbeid.

Lærdal kommune tok på seg arbeidsgjevar ansvar for CWD-koordinator for kommunane. Den ekstra ressursen har vore eit viktig bindeledd mellom lokale, regionale og nasjonale styresmakter.

*Lærdal Kommune
februar 2022*



Veterinærinstituttet sin omtale av CWD:

«Skrantesjuke, eller Chronic Wasting Disease (CWD), er ein prionsjukdom som i fleire tiår har vore kjent hjå hjortedyr i Nord-Amerika. I 2016 blei denne alvorlige dyresjukdommen for første gang påvist hjå villrein og elg i Noreg, og i 2017 blei den og påvist hjå hjort.

Veterinærinstituttet påviste skrantesjuke for første gong i mars 2016, på ein villrein frå Nordfjella villreinområde. På grunnlag av tilrådingar frå fagmiljøa i Norge, vedtok Landbruks- og matdepartementet å ta ut heile villreinflokken i nordlige Nordfjella, sone 1. Etter ei brakkleggingstid på minst 5 år er det eit mål om å bygge opp ei frisk villreinstamme.

Skrantesjuke har som kjenneteikn gradvis tap av nerveceller i hjernen, nevrologiske symptom og avmagring, og endar alltid med døden».

INNHOLDSFORTEGNELSE

| | | |
|-----------|---|-----------|
| 1 | Innleiing | 7 |
| 1.1 | Lokalpolitisk engasjement | 7 |
| 2 | Uttak av villreinen i Nordfjella Sone 1 | 9 |
| 2.1 | Villreinforvaltning | 9 |
| 3 | Hindre smittespreiing | 10 |
| 3.1 | Arbeid med gjerde | 10 |
| 3.2 | Beitenæringer | 10 |
| 3.3 | Forvaltning av elg, hjort og rådyr | 11 |
| 4 | Arealforvaltning | 12 |
| 5 | Reetablering | 13 |
| 6 | Informasjon, kommunikasjon | 13 |
| 7 | Intensjonsavtale og programarbeid - politikken | 15 |
| 8 | CWD-koordinator | 16 |
| 9 | Kommunane og skrantesjuka | 17 |
| 10 | Lokalsamfunnet og skrantesjuka | 18 |
| 10.1 | Oppveksande generasjonar | 19 |
| 10.2 | Forsking og utgreiingsarbeid | 20 |
| 10.3 | Økonomi og leiing | 20 |
| 11 | Suksessfaktorar | 20 |
| | Vedlegg | 21 |
| | Viktige datoar – tidslinje | 21 |
| | Viktige brev til kommunane | 22 |
| | NINA – rapportar | 22 |
| | Rapportar frå Vitenskapskomiteen for mattrygghet (VKM) | 22 |
| | Viktige nettadresser i cwd arbeidet. | 22 |

1. INNLEIING

Funn av CWD på villrein i Nordfjella 15. mars 2016, får store konsekvensar på fleire område. CWD er ikkje berre ein dødeleg dyresjukdom. Beite-næringa er og involvert, då det vart sett fokus på bruk av salteplassar i utmark. Forvaltning av anna hjortevilt (elg, hjort og rådyr) er og påverka, spesielt i nærområda til positive funn av sjukdommen.

Funn av CWD på villrein i Nordfjella er fyrste

påvising av sjukdommen utanfor Nord-Amerika og fyrste påvising på villrein. Det er viktig å merka seg at Norge har eit internasjonalt ansvar for å ta vare på villreinen som eigenart.

Resultatet av CWD-testen har seinare vorte ein av premissleverandørane for hjorteviltforvaltning i Noreg. Det er før og etter 15. mars 2016.



Fyrste villrein som testa positivt på CWD

1.1 LOKALPOLITISK ENGASJEMENT

I den vanskeleg og uoversiktige situasjonen som oppstod, vart viktige avgjersle løfta heilt opp til regeringsnivå. På det tidspunktet var Jon Georg Dale Landbruk- og matminister. Han vart oppfatta som ein minister som engasjerte seg.

Lokalpolitikken med ordførarane i spissen engasjert seg i saka gjennom Nordfjellarådet. Dette rådet er etablert i samband med felles regionalplan for Nordfjella. Rådet er samansett av dei seks Nordfjella

kommunane sine ordførarar, fylkespolitikarar, representantar frå Statsforvaltaren og villreinforvaltninga.

Avgjerd om utskyting av villreinflokken i Nordfjella sone 1, og reetablering av ny villreinstamme, var det Landbruk- og matministeren som tok. Faglege råd frå Veterinærinstituttet og Mattilsynet vart lagt til grunn for denne avgjerda. Det er berre historia som kan fortelja oss om dette var rett!

I ettertid av denne dramatiske avgjerdha, vart det stor oppstandelse. Spesielt hjå lokalbefolkinga. Statens Naturopsyn utførte oppdraget, utan stor motstand. Dei fleste som var imot dette tiltaket, var meir eller mindre i sjokk!

Representantar frå rådet har delteke i fleire møte med statsrådar og departement. Det har vore ulikt innhald i møte, men resultat frå møta har ført til lite handling. Samarbeidet starta godt, med inngåing av ein *Intesjonsavtale*.



Ordførarane i Nordfjella når CWD vart påvist.

Frå v: Ulvik Hans Petter Thorbjørnsen, Varaordførar i Aurland Leiv Jarle Bergheim, Hol Petter Rukke, Ål Solveig Vestenfor, Lærdal Jan Geir Solheim og Hemsedal Oddvar Grøthe.

**Funn av CWD på villrein vart erklært som ei nasjonal krise.
I ettertid har me mang ein gong stilt oss spørsmålet:
Er dette ei nasjonal krise eller er det ikkje?**

2. UTTAK AV VILLREINEN I NORDFJELLA SONE 1

Før saneringa vart sett i gang, deltok ordførarane i møte med politisk og administrativ leiing i Landbruks- og mat-departementet og Klima- og Miljødepartementet.

Lokalt vart det tilrådd å redusere bestanden med auka jakt i tre år, samtidig som det vart samla kunnskap om sjukdommen. Etter tre år skulle det takast stilling til om dei resterande dyra skulle takast ut eller om det kunne byggjaste opp att ei stamme.

Dette vart det ikkje gjennomslag for. Anbefalingane gjekk på å ta ut alle dyra så raskt som mogeleg, la område ligge «brakk» (tomt for villrein) i 5 år, før det vert sett inn ny villrein.

2.1 VILLREINFORVALTNING

Kommunane har ikkje direkte ansvar for villreinforvaltninga. Dei har ansvar for å ta vare på arealet som villreinen brukar. Difor er det svært viktig at alle kommunane framleis har fokus på god arealforvaltninga i villreinområde.

Den praktiske forvaltninga av villreinen – *dyra* – er lagt til villreinnemnda. Kvar kommune er representert i nemnda med ein folkevald med vara. I tillegg er det eit grunneigarorganisert organ, villreinutvalet, som har den praktiske forvaltninga av villreinflokken.

Etter at CWD vart påvist i Nordfjella, vart alt det gode arbeidet som er utført innan forvaltning av villreinflokken, endra. Før funn av CWD, var hovud-

Sjølve uttaket starta hausten 2017 med utvida jaktperiode og auka kvotar. For at jegerane skulle kunne jakte så effektivt som mogeleg, vart det brukt helikoptertransport til utfrakting av felte dyr.

Etter at jakta var over, starta Statens Naturoppsynt (SNO) med uttaket av det som var att av villrein. Arbeidet vart avslutta i mars 2018.

Det vart teke prøvar av alle felte dyr. Totalt vart det funne 19 reinsdyr smitta med CWD i sone 1.



fokuset til villreinforvaltninga å jobba for å ha ein sunn og god villreinflokk med mogelegheit for utveksling av dyr mellom ulike villreinområde. Etter funnet og før utskytinga, vart hovudfokus å hindre trekk av villreinen ut av sone 1. Prøvetaking av dyr felt under ordinær villreinjakt i 2016 og 2017, vart eit stort og omfattande arbeid.

I brakkleggingsperioden, som me no er inne i, er det svært viktig i å halda Nordfjella sone 1 fri for villrein og det er svært viktig å ha god forvaltning av villreinflokken i Nordfjella sone 2. Her er det ikkje påvist sjukdom. Difor vert det viktig å forvalte denne bestanden slik at den kan vere med å bygge opp att ei ny stamme i sone 1.

3. HINDRE SMITTESPREIING

Etter påvising av CWD vart det sett i gang tiltak for å isolere villreinen i Sone 1. Deretter vart det viktig å kartlegge mogelege smittepunkt. Dette vart gjort med fleire omfattande tiltak.

3.1 ARBEID MED GJERDE

For å hindre at villrein frå sone 1 skulle trekke ut av område, sørover til sone 2 eller nordover til Filefjell Reinlag, vart det bestemt at det skulle setjast opp to lange sperregjerder langs Rv 52 over Hemsedalsfjellet og langs Fv 50, Aurland – Hol.

For å få dette til, vart det eit omfattande arbeid med å innhente skriftleg løyve frå alle grunneigarane. Dette var tidkrevjande, og tok så lang tid at sjølve

gjerdebygginga ikkje vart starta før sommaren 2017. Gjerde langs Fv 50 vart sett opp i 2018.

Hadde påvisinga av CWD vorte handert som ei nasjonal krise, hadde gjerde vorte sett opp der det var mest tenleg. På den måten det no vart løyst på, var enkelte parti av gjerde sett opp på lite eigna stader i terrenget, spesielt vintrar med mykje snø.



Sperregjerde sommar



Vinter

3.2 BEITENÆRINGA

Kan beitedyra vera smitta? Kan dei evt. føre smitten vidare?

Kommunane meinar at beitenæringa har vorte ein uskuldig tredjepart. Det har til tider vore utfordrande for dei, med stadig endring av regelverk. Tidleg vart næringa einige om å organisere seg i eit felles beitelag «Nordfjella beitelag». Dette var eit organ som skulle vere bindeledd mellom dei lokale beitelaga og Mattilsynet. Beitenæringa fekk øyremerka midlar til meirarbeidet dei vart påført. Desse midlane vart tildelt over jordbruksavtalen.



Opp gjennom tidene har salteplassane for beitedyra trekt til seg hjortevilt, og villrein. Difor ser Nasjonale myndigheter desse salteplassane som mogelege stader for spreiling av smittestoff. Kartlegging og registrering av salteplassar i Nordfjella vart eit omfattande arbeid. Det vart registrert omlag 650 salteplassar, der omlag 200 er innanfor sone 1.

I 2017 kjøpte Mattilsynet inn stålgrinder til å stenge salteplassane. Omlag 5500 grinder vart bestilt. Dette viste seg å ikkje fungere som planlagt, lam sette seg fast, og grindene måtte byggast om. Dette førte til mykje ekstra arbeid då det alle reie var flydd ut grinder med helikopter. Desse mått samlast inn att, byggast om og flygast ut att. Oppsetting av grinder vart ikkje ferdig, før seinhaustes 2017.

Nye reglar for bruk av saltstein var i starten svært krevjande då desse vart endra kvart år. No ser me at



Grindeanlegg for saltstein

beitenæringa og regelverket har tilpassa seg, og det er funne gode løysingar for salteplassar til beitedyr.

Spørsmål om Nordfjella sone 1 skal skjermast for beitedyr, har vorte drøfta. Dette vil i so fall føra til store konsekvensar for landbruksnæringa og lokal-samfunna kring Nordfjella.

3.3 FORVALTNING AV ELG, HJORT OG RÅDYR

Kommunane har eit definert forvaltningsansvar for hjort, elg og rådyr, heimla i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt*. Kommunane skal vedta overordna mål om utvikling av bestandane, handsama jaktretts-havarane sine bestandsplanar, tildela fellingsløyve og laga til statistikken knytt til fellingsresultata. Og, ikkje minst, kommunane er sentrale i høve informasjons- og kunnskapsflyten mellom jegere/grunneigarar og offentleg forvaltning. I handsaminga av skrantesjuke har kommunane såleis ein sentral funksjon.

Vitenskapskomiteen for mat og miljø (VKM) fokusserte tidleg på risikoen for smittespreiling mellom villrein og anna hjortevilt. Kartleggingsområdet kring Nordfjella vart oppretta. Området fekk namnet «Kartleggings område i Nordfjella-regionen», og bestod av kommunane Ulvik, Eidfjord, Lærdal, Aurland og Årdal i Vestland fylke, Hemsedal, Hol, Ål, Gol, Nesbyen og Nore og Uvdal i Viken fylke, og Nord-Aurdal, Sør-Aurdal, Vang og Vestre Slidre i Innland fylke. I alle desse kommunane er det ønskjeleg å redusere bestandane av hjort og elg vesentleg.

For å dokumentere områdebruk, spesielt for hjort, vart det i 2017 starta opp eit merkeprosjekt der hjort vart påmontert halsband med GPS sendar. Dette har avdekkat at enkelte dyr vandrar lange avstandar mellom vinter- og sommarbeite, og dei kryssar fleire kommunegrenser. Det er også stor overlapping av beiteområde for hjort og villrein inn mot sone 1, spesielt i Lærdal og Aurland. Etter funn av CWD, er det fram til no merka 50 hjort i området.



Merka hjortekolle på Frønningen i Lærdal

4. AREALFORVALTNING

Regionalplan for Nordfjella med Raudafjell, legg føringar for arealforvaltninga. I åra som Nordfjella sone 1 er utan villrein, brakkleggingsperioden, er det svært viktig at kommunane handtera arealbruken i tråd med regionalplan som om det er villrein i fjellet. Erfaringa syner at dette er ei utfordring, spesielt i dei austlege områda av Nordfjella. Det er stort press for å endre bruken av fjellområde, no når det ikkje er villrein å ta omsyn til.

Sekretariatet til Nordfjellarådet har utarbeida rapporteringsrutinar for søknadspliktige tiltak innanfor Nordfjella villreinområde. Kvar kommune skal her melde inn, korleis ulike søknadar på tiltak vert handsama. Denne informasjonen vert eit svært viktig hjelpemiddel for å få ein oversikt over aktiviteten i Nordfjella villreinområde.

The image shows the front cover of the 'Regional plan for Nordfjella med Raudafjell' document. At the top, there are three logos: 'BUSKERUD FYLKESKOMMUNE' (blue shield with a white bear), 'HORDALAND FYLKESKOMMUNE' (red shield with a white cross), and 'SØGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE' (blue shield with a white wavy line). Below the logos are three photographs: a herd of reindeer in a mountainous landscape, a person lying on their back in a green field, and a group of reindeer walking along a dirt road. The title 'Regional plan for Nordfjella' is prominently displayed in large white letters, followed by 'med Raudafjell' and the years '2014 - 2025'.

Regional plan for Nordfjella med Raudafjell

5. REETABLERING

Då det i juni 2017 vart vedteke å sanere heile villreinstammen i sone 1, vart det og vedteke at det skulle utarbeidast ein reetableringsplan for tilbakeføring av villrein til område etter ein brakkleggingsperiode.

Denne planen vart vedteken i oktober 2017. Seinare er det bestemt at denne skal reviderast og ein meir konkret plan skal presenterast i 2022. Arbeidet vart starta opp i oktober 2021.

6. INFORMASJON, KOMMUNIKASJON

Informasjonsbehovet har vore utfordrande og stort. Både lokalt og nasjonalt. Særleg i starten.

Kommunane har mange ganger etterlyst ein systematisk informasjonsflyt for arbeidet med CWD-stoda. Dette har berre delvis vorte lytta til.

Mange gode informasjonsmøte er arrangert, både på austsida og på vestsida av fjellet. Til tider med

«høg temperatur». Mange frammøtte fekk meir eller mindre sjokk då det vart kjent at alle dyra i sone 1 skulle takast ut. Dette var fyrste gong at ein heil viltbestand vart fjerna i forsøk på å få bort ein smittsam sjukdom. Kunnskapen om sjukdomen og korleis den kan bekjempast vart formidla på møta. Kommunestyra i Nordfjellakommunane har også fått direkte informasjon om CWD-stoda.



Fyrste lokale informasjonsmøte, Terje Bø M.Dir.



Frå opent informasjonmøte på Torpo

CWD-stoda har fått fylgjer for fleire område mellom anna hjorteviltforvatning. CWD har vorte eit naturleg tema på møter, fagdagar, samlingar og konferansar

både lokalt og rundt om i landet. Pålegg om bestandsreduksjon av hjort og elg kring Nordfjella, har hatt stort fokus. Informasjonsbehovet har vore stort.

7. INTENSJONSAVTALE OG PROGRAMARBEID - POLITIKKEN

Under eit møte mellom kommunane, Mattilsynet og Miljødirektoratet 15.februar 2018 vart ideen om ein intensjonsavtale mellom kommunane, Nordfjella rådet og staten lansert. Dette tok dei to faginstan-

sane vidare til sine respektive departement, og ein intensjonsavtale vart underskriven den 8. mai 2018. Det var semje om å lage eit heilskapleg program for bekjemping av skrantesjuka i Nordfjellaområdet.

Partane har eit felles mål om å:

1. Behalda friske stammer av villrein og anna hjortevilt i Norge
2. Utrydde sjukdommen før han får fotfeste
3. Bygge opp att ei frisk villreinstamme i Nordfjella sone i raskast muleg i tråd med vedtekne planar

«Partane er samde om å ha kontaktmøte mellom departementa og ordførarane to ganger i året. Dette for å gå gjennom samarbeidet og drøfte vidare arbeid.»

«Partane vil i løpet av 2018 forme eit heilskapleg program for det vidare arbeidet. Programmet skal oppsummere pågåande og planlagt arbeid.»



Frå signeringa av Intensjonsavtalen 8.5.2018
Frå høgre: Ordførar i Lærdal, Jan Geir Solheim,
Varaordførar i Aurland, Leiv Jarle Bergheim,
Landbruks – og Matministeer Jon Georg Dale,
Statssekretær i Klima- og Miljødepartement, Maren
Hersleth Holsen, Varaordførar i Ulvik, Jens Olav Holven,
Leiar i Nordfjellarådet, Steinar Bertelsen,
CWD koordinator, Lars Nesse.

På bakgrunn av intensjonsavtalen vart ei arbeidsgruppe sett ned for å utarbeide utkast til program for bekjemping av skratesjuka. Gruppa var sett saman av representantar frå dei to departementa, Mattilsynet, Miljødirektoratet, Nordfjella rådet og kommunane.

Arbeidsgruppa si forståing av stoda:

Funnet av skrantesjuke i Nordfjella er ei alvorleg hending i norsk natur, med potensielt store konsekvensar for natur, kultur og næring. Om sjukdomen spreier seg til andre villreinstammer eller hjortedyr, kan dei samfunnsøkonomiske konsekvensane bli store. Utvalet meiner at alvoret i situasjonen tilseier at utbrotet av skrantesjuke i Noreg må sjåast på som ei krise.

Kommunane pressa på for å få godkjenning av utarbeid Program, utan å lukkast. Etter kvart innsåg ein at Programmet ikkje vert godkjend. Ein viktig faktor for at «programarbeidet» stoppa opp, er truleg at kommunane var tiltenkt ei rolle i arbeidet. Noko som vart vanskeleg å handtera for nasjonale styresmakter.

Det er difor svært beklageleg at Program – Kampen mot skrantesjuka (CWD), framleis er eit arbeidsdokument. Viktige moment og tiltak for å unngå for store følger for samfunna kring Nordfjella, kunne

ha vorte handtert på ein god måte dersom tiltaka i programmet hadde vorte gjennomført.

Ved fleire høver har og ordførarane ytra seg i samband med ulike prosessar. Opplevinga i ettertid, er mest at kommunane vert sittande på sidelinja, når viktige avgjerder for kommunane våre skal takast.

Mangel på overordna styring har vore ei gjentakande utfordring for kommunane. Mange aktørar har ulike rollar i kampen mot CWD, og det er til tider utfordrande å ha oversikt i dette landskapet.

8. CWD-KOORDINATOR

Kommunane har gjennom Lærdal kommune ein avtale med Miljødirektoratet fått tilført ein ekstra ressurs med tilsetting av CWD-koordinator. Ein viktig aktør for å halda eit vist trykk opp mot nasjonale myndigheter. CWD-koordinatoren har vore ein viktig, kanskje avgjerande, samarbeidspart for lokale-, regionale- og nasjonale myndigheter, i arbeide med CWD.

Kommunane er ikkje pålagd direkte mynde i villreinforvaltninga. Likevel såg kommunane kring Nordfjella situasjonen som no har oppstått, som svært alvorleg. Dei tok tidleg ei aktiv rolle, og det vart tilsett CWD-koordinator for å avhjelpe forventa arbeid.

Lars Nesse vart engasjert i stillinga frå 1.4.2017

Lærdal Kommune tok på seg arbeidsgjevaransvaret og stilte kontor til disposisjon. Det meste av kostnadene med dette arbeidet har kommunen fått dekka gjennom tenestekjøpsavtale med Miljødirektoratet.



CWD koordinator under prøvetaking av fallvilt.

I tråd med tjenestekjøpsavtalen har hovudfokus på arbeidet til CWD-koordinatoren vore fylgjande:

1. Fungere som eit felles kontaktpunkt på tvers av kommunane og opp mot statlege organ
2. Samordne og informere om innsatsen på tvers av kommunane
3. Legge praktisk til rette for oppgåver på vegne av statlege organ, overvaking og kunnskapsinnhenting kring bestandar med relevanse for cwd-stoda»

Kommunane har opplevd stor viktigkeit med arbeid den lokale CWD-koordinatoren har utført. Spesielt har dette vore viktig for lokalbefolkinga og lokalpolitikarane våre. Med denne ressursen har kommunane fått so god oversikt som mogleg, i det store og omfattande CWD-landskapet som vart skapt!

I tillegg har CWD-koordinatoren vore eit viktig kontaktpunkt for andre aktørar som til dømes

beitenaeringa, forskingsinstitusjonar, interesseorganisasjonar og media. Informasjonsarbeid og deltaking i ulike «fora» har vore eit svært viktig arbeid som er utført. Her kan nemnast; informasjonsmøte med kommunestyra i dei 6 Nordfjella kommunane, arbeid med salteplassar og soneforskrift, møte med villreinforvaltninga, CWD-prøvetaking, skuleprosjekt, ei rekke lokale møte og påtrykk opp mot media.

9. KOMMUNANE OG SKRANTESJUKA

Etter funn av skrantesjuka på villreinen i Nordfjella, vart det «armar og bein» i alle retningar. Situasjonen vart av mange sett på som ei nasjonal krise, men korleis vart denne krisa handtert?

Den så kalla krisa førde til ein del ekstra arbeid for kommunane. Det vart mellom anna send søknadar om løyve til motorferdsel, byggje løyver, behandling av søknader om tilskot m.m. Til tider vart det ein del «støy» rund ulike arbeidsoppgåver som kommunane fekk. Både lokalpolitikarar, gardbrukarar, grunneigarar og andre hadde mange synspunkt og innspel underveis. Dei ulike kommunane har behandla søknadar på ulike måtar.

Kommunane stilte seg stadig vekk spørsmålet, er dette ei krise eller er det ikkje!? Dersom nasjonale myndigheter verkeleg meinte noko med krisebegrepet, burde ein følgt reglar for krisehandtering og sett ned ei «kriseleiing». I denne krisa vart det ikkje gjort.

I ei kort spørjeundersøking til administrasjonen i kommunane kring Nordfjella, er tilbakemeldinga at funn av CWD har på ulike vis, påført dei ekstra arbeid.



10. LOKALSAMFUNNET OG SKRANTESJUKA

Kva følger har funn av den alvorlege og dødelege sjukdomen, CWD, på villrein fått for kommunane og lokalsamfunna kringa Nordfjella?

Dette er eit viktig og krevjande spørsmål utan eit klart svar.

Villreinen er eit dyr som, langt tilbake i tid, har vore ein del av livet til menneska som lever i bygdene kring Nordfjella. For mange er det identitet, den har vore viktig for matauk og rekreasjon. Det er mange spor i landskapet som fortel om menneska sin aktivitet og kontakt med villreinen.



Ein fin dag i fjellet, Harald Skjerdal



Det er dette me skal sjå i Nordfjella etter reetableringa er gjennomført

10.1 OPPVEKSANDE GENERASJONAR

Kva no når fjellet er tomt for villrein?

Villrein er noko innbyggjarane i kommunane identifisere seg med, og alle føler at dei har eit «eigar forhold til». Kunnskapen om villrein har vorte overført frå generasjon til generasjon gjennom erfarings overføring, denne linja er no broten med at Nordfjella sone 1 er tom for villrein.

Oppveksande generasjonar mister kunnskap om villrein som har vore vanleg å bli ført vidare frå gamal til ung.

Kommunane kan fort mista ein «generasjon» med villreinjegerar om villreinstamma ikkje kjem tilbake i fjellet som planlagt. Dette vil føra til tap av verdfull «ur» - kunnskap som er tileigna frå generasjon til generasjon. Lokalsamfunna i kommunane våre vert fattigare på kulturhistorie.

Reiseliv og friluftsliv får ein mindre opplevingsfaktor og ikkje minst, det biologiske mangfaldet vert fattigare.

Kommunane meinar fråvær av villrein i fjella våre, har stor innverknad på dei som bur og lever her – og på samfunnet vårt!

Det vart i 2020 sett i gang eit opplegg med elevar i 6. klasse frå skulane kring Nordfjella. Opplæringa var delt i to, med ein teoretisk del som skulane gjekk gjennom på eigahand med digital undervisning. Ein praktisk del der ein tok elevane med ut i fjellet med forskjellige aktivitetar og praktiske oppgåver. Dette undervisnings tilbodet er godt motteke i skulane.

Prosjektet vert leia av Norsk Villreinsenter Sør på Skinnarbu.



Frå feltdag med elevar. Tuva Flor Lien Norsk Villreinsenter Sør

10.2 FORSKING OG UTGREIINGSARBEID

Kommunane ser at det er, og blir utført, forsking og utgreiingsarbeid på fleire fagfelt i regi av nasjonale styresmakter.

Mellom anna vart det sett i gang eit omfattande arbeid med jordprøve taking av utvalde salteplassar. Salteplassar er sett på som som mogelege kjelde for

smittespreiing. Det har vist seg at analyse metoden av desse prøvane har vore utfordrande. Det er ikkje komme noko endelege svar på dette enno.

Museforsøk syner at typen av CWD som er påvist på villrein i Nordfjella, er ulik frå det som er funne i Nord-Amerika/ Canada.

10.3 ØKONOMI OG LEIING

Økonomiske forhold og leiing av CWD-stoda vert opplevd som uoversiktleg.

Kommunane meinar omtalt Program , hadde vore eit svært godt hjelpemiddel for å få ei god økonomistyring og leiing av arbeidet med tiltak som CWD-stoda har medført nasjonen Norge.

Nasjonale styresmakter burde få dag ein, sett på dagsorden og tilrettelagt for ei god styring av CWD-stoda. Det vart ikkje gjort. Noko som kommunane ser som ein stor svakheit i handtering av CWD-stoda.

11. SUKSESSFAKTORAR

Sjølv om CWD-stoda manglar overordna styring og mål for arbeide, er mykje god arbeid utført. Kommunane ynskjer å peika på følgjande suksessfaktorar:

- Tett og god dialog mellom mange viktige aktørar
- Mange møteplassar med utveksling av kunnskap, både fagleg kunnskap og lokalkunnskap
- Lokale aktørar har gjort mykje på «dugnad» i samarbeid med lokale- og nasjonale styresmakter

- Bygdefolket har synt stort lokalt engasjement
- Beitenæreringa har hatt ein konstruktiv tilnærming for å finna løysing på salt til beitedyr
- Skuleprosjekt - formidling av viktig «ur» - kunnskap om villreinen
- Tilsetting av lokal CWD-koordinator
- Utgreiings og forskingsarbeid

VEDLEGG

VIKTIGE DATOAR – TIDSLINJE

I forbindelse med kampen mot Skrantesjuke er det enkelte datoar og vedtak som har vore med å prega arbeidet. Dei viktigast er her lista opp.

2016

- 15. mars:** Funn av eit sjukt dyr i samband med GPS-merking av villrein i sone 1
4. april: Stadfesta funn av CWD på villrein i Norge
26 .april: Fyrste lokale møte om funn av CWD med Villreinforvaltninga, Miljødirektoratet, Mattilsynet og Statens Naturoppsy

2017

- 14. mars:** Møte i Nordfjella rådet med val av arbeidsutval (AU)
29. mars: Møte i AU og Lars Nesje vart engasjert som CWD-koordinator
24. april: Folkemøte og høyringsmøte med Landbruk- og matminister Jon Georg Dale
8. mai: Brev frå Landbruks- og matdepartementet med informasjon om iverksetting av tiltak i Nordfjella – planlegg full utskyting av all villrein i Sone 1
24. mai: Koordineringsmøte Miljøverndirektoratet, Mattilsynet m.fl.
10.august: Villreinjakta startar 10. august med ordinær jakt fram til 31.oktober
7. november: Start statleg uttak av alle villreinen i Nordfjella sone 1

2018

- 15. februar:** Møte med kommunane kring Nordfjella, Miljødirektoratet og Mattilsynet – einigheit om å inngå ein intensjonsavtale om felles kamp mot skrantesjuka (CWD) på hjortevilt
Mars: Alle kjente dyr i sone 1 er teke ut
8. mai: Intensjonsavtale mellom Nordfjellakommunane, Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet vart underskriven i Oslo.

Tiltak for auka uttak av hjortevilt hausten 2018.

2019

Ekstra uttak av bukk i sone 2 (55 dyr)

- 25. februar:** Møte mellom ministrane i Landbruks- og matdepartementet, og Klima- og Miljøverndepartementet, og Nordfjellakommunane.
Formål: Godkjenning av program for bekjemping av skrantesjuka. Usemje om finansiering og styring av felles program for kampen mot skrantesjuka.

VIKTIGE BREV TIL KOMMUNANE

- 6.4.2017:** Brev fra Miljødirektoratet til kommunane om å vurdere bestandsreduksjon av hjortevilt.
- 2.6.2017:** Brev fra Mattilsynet. Skrantesjuke og reduksjon av hjorteviltbestander.
- 28.2.2019:** Brev fra Miljødirektoratet. Vidare arbeid med bestandsreduksjon av hjortevilt i Nordfjella-region.
- 8.7.2019:** Brev fra Miljødirektoratet. Utvida jakttid på hjort og elg i Nordfjella område.
Ny jakttid: 15. august – 31. januar tom. jaktåret 2021/2022
- 9.6.2020:** Brev fra Miljødirektoratet. Reduksjon av elg og hjort i Nordfjella – vidare arbeid jaktsesongen 2020/2021.
- 15.4.2021:** Brev fra Miljødirektoratet og Mattilsynet. Reduksjon av elg og hjort i Nordfjella og Hardangervidda jaktsesongen 2021/2022.
- 28.6.2021:** Brev fra Miljødirektoratet. Dispensasjon fra Hjorteviltforskriften §18 i 2021 for Lærdal Kommune. Fri kvote på kalv og ungdyr for hjort. Gjelt tom. 2022/2023.

Vedtekne planar

- Saneringsplan (uttak av dyra i sone 1) vedteken 15 juni 2017.
- Reetableringsplan (reetablering av villrein i sona 1) vedteken 15 oktober 2017.

NINA – RAPPORTAR

- 1667 Bestandsreduksjon av elg og hjort i Nordfjellaregionen perioden 2019-2020
- 1813 Bestandsreduksjon av elg og hjort i Nordfjellaregionen, evaluering fra jaktåret 2019-2020.

RAPPORTAR FRÅ VITENSKAPSKOMITEEN FOR MATTRYGGHET (VKM)

- 2016 Rapport nr 26
- 2017 Rapport nr 9
- 2017 Rapport nr 26
- 2018 Rapport nr 16

VIKTIGE NETTADRESSER I CWD ARBEIDET

- <https://www.hjortevilt.no/skrantesjuke/>
- <https://www.mattilsynet.no/sok/?search=skrantesjuke>
- <https://www.vetinst.no/sokeresultat?searchTerm=Skrantesjuke>
- <https://www.miljodirektoratet.no/>

